



Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 18/2064-6

## **Regionale utviklingsmidlar 2018 - fordeling 3**

### **Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

1. TINE SA får kr 99 500 til å gjennomføre kurs i pensjon og eigarskifte for bønder.
2. TINE SA får kr 99 500 til å gjennomføre kurs knytt til avlingstap på grunn av beitande hjort.
3. Hordaland fylkeskommune får 300 000 kr til prosjektet «Travel like the locals».
4. Det vert sett av kr 580 000 til finansiering av forprosjekt Fjordane Virtuelle Campus.  
Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele dei avsette midlane.
5. Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får 1 500 000 kr til inkubator-tilbod for 2018.
6. Det vert løyvd 612 000 kr samla for heile treårsperioden 2019-2021 til å finansiere stillinga til Noregs Forskningsråd sin representant i fylket.
7. Fjordkysten Friluftsråd får 150 000 kr for 2018. I denne summen ligg eit driftstilskot på 100 000 kr, samt eit eingongstilskot for to nye medlemskommunar. Tilskotet er avhengig av at Vågsøy vert teken opp som medlem som skissert i søknad.
8. Tilskota vert finansiert slik:
  - a. Tilskota til TINE SA vert dekka med midlar frå tenesteområde 7012 i budsjett 2018, bransjeretta satsingar, midlar avsett til landbruk.
  - b. Tilskotet til Hordaland fylkeskommune vert dekka med midlar frå tenesteområde 7090 i budsjett 2018, andre næringsområde.
  - c. Tilskotet til samarbeidande bedrifter ved Segel AS vert dekka med midlar frå tenesteområde 7018 i budsjett 2018, kunnskap.
  - d. Tilskotet til Kunnskapsparken vert dekka med midlar frå tenesteområde 7015 i budsjett 2018, nyskaping.
  - e. Midlane til stilling i Forskningsrådet vert dekka med midlar frå tenesteområde 7015 i budsjett 2018, nyskaping.
  - f. Tilskotet til Fjordkysten Friluftsråd vert dekka med midlar til disposisjon for hovudutval for næring og kultur.

### **Vedlegg:**

Søknad TINE AS – eigarskifte  
 Søknad TINE AS – avlingstap  
 Søknad Hordland fylkeskommune  
 Søknad Fjordane virtuelle campus  
 Søknad Kunnskapsparken  
 Søknad Fjordkysten friluftsråd

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Søknad om midlar til kurs i pensjon og eigarskifte for bønder**

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne McEvoy)

### **1.1 Bakgrunn for saka**

TINE SA v/TINE Rådgiving Sogn og Fjordane søker om tilskot på 99 500 kr. for å gjennomføre eit kurs for mjølkeprodusentar som skal pensjonere seg, og for dei som skal overta garden og korleis dei kan førebu seg. Kurset har som mål å fremme kunnskapen til mjølkeprodusentane som står framfor eit generasjonsskifte om korleis begge generasjonane kan få henta ut mest mogleg med tanke på deira situasjonsbestemte føresetnader.

### **1.2 Litt om kurset**

Regelverket kan vere vanskeleg å forstå, men gjev økonomiske rettar dersom ein fyller visse krav. Ved å få ein godt overblikk over mogleghetene og fallgruver, er det mykje som kan hentast ut - og feilsteg med store konsekvensar som kan unngåast. Det er viktig at produsentar får denne kunnskapen i tide, og helst ein god stund før eigarskiftet skal gjennomførast. I denne prosessen ligg også ein god dialog mellom begge generasjonane. Denne dialogen kan også byrjast eller vidareførast via å delta på eit slikt kurs som Tine ynskjer å tilby.

### **Organisering:**

Utøvande rådgjevarar for kurset skal organisere, motivere, og levere fagkompetanse innanfor regelverk, moglegheiter og fallgruver, og fasilitere diskusjonen som tek plass i løpet av møtet. Målet er at møta blir heldne mot slutten av november til 1. veke av desember, 2018, og frå byrjinga av januar til midten av mars 2019, slik at møta passar best mogleg inn i årshjulet til produsentane.

#### **Kostnadsplan**

| <b>Tittel</b>                      | <b>2018</b>    | <b>2019</b>    | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>SUM</b>     |
|------------------------------------|----------------|----------------|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Gjennomføre møta, rådgjevar        | 90 000         | 90 000         |             |             |             | 180 000        |
| Køyre og reisekostnad              | 23 500         | 23 500         |             |             |             | 47 000         |
| Lokale og mat til møta             | 15 000         | 15 000         |             |             |             | 30 000         |
| Planlegge møte/utarbeide materiell | 9 500          | 9 500          |             |             |             | 19 000         |
| <b>Sum kostnad</b>                 | <b>138 000</b> | <b>138 000</b> |             |             |             | <b>276 000</b> |

#### **Finansieringsplan**

| <b>Tittel</b>                                  | <b>2018</b>    | <b>2019</b>    | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>SUM</b>     |
|--|----------------|----------------|-------------|-------------|-------------|----------------|
| Delakaravgift                                  | 38 500         | 38 500         |             |             |             | 77 000         |
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018 | 49 750         | 49 750         |             |             |             | 99 500         |
| TINE Rådgiving                                 | 49 750         | 49 750         |             |             |             | 99 500         |
| <b>Sum finansiering</b>                        | <b>138 000</b> | <b>138 000</b> |             |             |             | <b>276 000</b> |

### **1.3 Vurderingar og konsekvensar**

Det er mange produsentar som står framfor pensjon og generasjonsskifte i løpet av dei nærmaste fem åra og vidare, her i Sogn og Fjordane. Dette både med tanke på det naturlege tidsløpet ein står ovanfor, men også på grunn av at det er mange som skal bygge om frå båsfjøs til lausdriftsfjøs, eller leggje ned. Difor er det mange som sit med spørsmål om korleis dei skal få henta ut mest mogleg gjennom enkle grep, og kva steg dei skal ta for å sikre seg god planlegging i denne prosessen fram mot pensjon og eigarskifte.

Dette er eit kurs som kan gjere begge generasjonar meir førebudd på eit skifte og kan bidra til at fleire tek steget med å ta over ein gard, og at ein unngår nedgang i mjølkeprodusentar i fylket.

### **1.4 Konklusjon**

Fylkesdirektøren ser positivt på at TINE SA tek dette initiativet og rår hovudutvalet til å støtte søknaden. Fylkesdirektøren ber om at hovudutvalet støttar søknaden frå TINE SA med 99 500 kr.

## **2. Søknad om midlar til kurs i korleis hindre avlingstap på grunn av beitande hjort**

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

### **2.1 Bakgrunn for søknaden**

TINE SA v/TINE Rådgiving Sogn og Fjordane søker om tilskot på 99 500 kr. for å gjennomføre eit kurs retta mot mjølkeprodusentar om korleis dei kan få igjen for arbeidet sitt ute på åkeren ved å minimalisere hjorterelaterte tap. I Sogn og Fjordane har hjorteskadane vore ein realitet mange produsentar har måtte leve med lenge.

### **2.2 Litt om kurset**

Der har vore forsking og prosjekt som viser at hjorterelaterte tap omfattar føljande:

- Tap av grovför grunna beiting av hjort på fulldyrka eng og innmarksbeite
- Tap av grovför grunna hjort som et på rundballar
- Kostnader med auka behov for å fornye enga grunna tråkkskader og utbeiting av timotei
- Kostnader relatert til nedsett kvalitet av hausta grovför grunna hjortemøkk som kjem inn i grovfôret
- Kostnader grunna auka behov for innkjøpt grovför
- Klimakostnader relatert auka transport av innkjøpt grovför
- Psykiske påkjenninger ved at arbeidet og investeringane ein legg inn i grovfördyrkinga ikkje får dei resultata ein bør kunne forvente

Utover dette er det også kostnader relatert nedsett kvalitet på mjølka. Ikkje berre kan produsentane miste elitemjølk eller tilleggsbetaling for fett og protein grunna nedsett grovförkvalitet, men om det blir oppdaga sporar i mjølka grunna hjortemøkk i grovfôret, kan det i verste fall føre til leveringsstopp. Der spora ikkje vert oppdaga i tide, blir det til ein høg kostnad for meieriet nårosten blir øydelagd seinare i prosessen. Lågare driftsresultat for TINE betyr igjen lågare utbetaling til produsentane.

Med tanke på kor stor del av ein mjølkebonde sin økonomi er knytt opp mot effektiviteten og kvaliteten av grovfördyrkinga si, er det avgjerande at dei får kunnskapen om korleis dei kan kjempe mot hjorteskadane dei no har utfordring med.

Ringverknader ved at lokale produsentar får betre økonomi er til dømes at vi får:

- Sikre kommunane sin relative del av produksjon av mjølk og storfekjøt
- Ivareta grendene og kommunane med tanke på busetnad, folketal og sysselsetting
- Sikre eit variert næringsliv og tenestetilbod
- Styrke oppegående og framtidsretta driftsapparat på gardane
- Sikre bruk av ressursane som ligg her, også utmarksressursane som da blir betre forvalta av hjorten
- Styrke Norges klimasmart landbruk

Målet er å nå 180 av brukarar i Sogn og Fjordane som slit med hjorteskader i grovförproduksjonen sin.

### **2.3 Vurderingar og konsekvensar**

Det er mykje merksemld på grovförproduksjon både med tanke på korleis økonomien til den enkelte bonden kan optimaliserast, og korleis norsk grovförproduksjon kan vere ein del av løysinga på verdas klimaproblem. Vi har Grovför 2020 prosjektet, og kurstilbod her i Sogn og Fjordane gjennom Norsk Landbruksrådgiving for korleis bøndene kan forbetra grovförøkonomien og korleis forbetra avlinga. Dette kurset komplimenterer grovförkursa som NLR held framover, og også kunnskapen produsentane får gjennom Grovför 2020 prosjektet.

### **2.4 Konklusjon**

Fylkesdirektøren er positiv til søknaden og ber om at hovudutvalet støttar søknaden med 99 500 kr.

## **3. Søknad om midlar til prosjektet Travel Like the Locals**

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

### **3.1 Bakgrunn for søknaden**

Vi viser til notat om prosjektet «Travel like the locals» som er utarbeidd for å orientere hovudutvalet for næring og kultur, samt hovudutval for samferdsle om innhaldet i prosjektet (legg som skriv og melding). Dette dannar bakrunnen for søknaden frå Hordaland fylkeskommune.

Søknaden frå Hordaland fylkeskommune er sendt inn som følgje av ein dialog mellom nærings- og samferdsleavdelingane den siste tida for å få i gang eit prosjekt med arbeidstittelen «Travel like the locals.» Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Rogaland si

interesse for prosjektet vart meldt etter at søknaden frå Hordaland vart sendt inn og dei er difor ikkje ein del av søknaden frå Hordaland fylkeskommune.

Prosjektet er forankra gjennom vedtak i fylkesutvalet i Hordaland 21. juni 2018. Forprosjektet «Reis som dei lokale» i regi av Hardangerrådet har samla reiselivsnæringa i Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane ved destinasjonsselskapa, som er ivrige etter å få tiltaket på plass og som er klare til å bidra med eiga tid i prosjektet.

Prosjektet har som føremål å kome i gang med tiltaket «Travel like the locals» i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland. Vi ser til arbeidet som er gjort i Møre og Romsdal av FRAM og den suksessen dei har hatt med dette.

### **3.2 Litt om prosjektet**

Målet for prosjektet er å få på plass ein versjon av «Travel like the locals» som er tilpassa Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland for å gjere eksisterande ruter meir tilgjengelig for tilreisande, og utnytte ledig kapasitet på eksisterande fylkeskommunalt kollektivtilbod.

Det er behov for ein prosjektleiar som kan hjelpe kollektivselskapa, næringsseksjonane og andre involverte å finne løysingar som er relevante for dei involverte fylka. Det er nødvendig med ein prosjektleiar som har kompetanse både frå samferdsle og reiseliv, og som kan utføre det nødvendig arbeidet med å finne løysingane som skal til for at kollektivselskapa i Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland skal kunne starte opp eit prosjekt tilsvarande «Travel like the locals.» Prosjektet skal være eit tillegg til eksisterande ressursar for at dette arbeidet skal kunne gjerast tidsnok til at tiltaket kan starte opp for sesongen 2019 (ideelt før turistsesongen startar i april 2019).

Det vil vere opp til prosjektleiar å lage ei fullstendig oversikt over kostnadane knytt til heile prosjektet. Det kan difor vere behov for meir midlar, men dette vert ev fremma i ein søknad seinare når kostnadane er fullstendig kartlagt.

### **Organisering av arbeidet:**

Prosjekteigar er Hordaland fylkeskommune, medan prosjektleiar med relevant kompetanse må me finne, enten internt eller eksternt. Styringsgruppa vil bestå av Hordaland fylkeskommune, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Rogaland fylkeskommune, ved næringssjef eller direktør for regional utvikling, Skyss, Kringom, Fram og NCE Tourism v/Dag Aksnes (representerer reiselivsnæringane). Samarbeidspartnarar vert dei reiselivsansvarlege ved næringsseksjonen i dei tre fylka, reiselivsnæringa ved destinasjonsselskap og NCE Tourism.

### **Arbeidsoppgåver:**

1. Forankre prosjektet i samferdsleavdelingar og kollektivtransportselskap i dei tre fylkeskommunane
2. Få klarheit i kva tekniske løysingar som må på plass for billettering av rundturane
3. Velje ut attraktive rundturar i samråd med destinasjonsselskapa
4. Få på plass produktkildringar og biletar for sal
5. Finne løysing for plattform for sal av produktet

Resultatet vil vere å kunne starte med prosjektet Travel like the locals før turistsesongen 2019, med gode løysingar for sal og kundehandsaming samstundes som tekniske løysingar er på plass. Det er ynskeleg å starte i det små, for seinare å kunne utvide om prosjektet er vellukka.

### **Økonomiske råmer for prosjektet:**

Destinasjonsselskapa bidreg med eigeninnsats for å velje ut attraktive ruter, lage produktkildringar med foto samt marknadsføring på eigne flater.

**Kostnadsplan**

| <b>Tittel</b>                            | <b>2018</b>    | <b>2019</b>    | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>SUM</b>       |
|--|----------------|----------------|-------------|-------------|-------------|------------------|
| Anna (lisensar, teknisk tilrettelegging) | 30 000         | 75 000         |             |             |             | 105 000          |
| Prosjektleiing                           | 300 000        | 700 000        |             |             |             | 1 000 000        |
| Reiser, møteverksemd                     | 10 000         | 10 000         |             |             |             | 20 000           |
| <b>Sum kostnad</b>                       | <b>340 000</b> | <b>785 000</b> |             |             |             | <b>1 125 000</b> |

**Finansieringsplan**

| <b>Tittel</b>                              | <b>2018</b>    | <b>2019</b>    | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>SUM</b>       |
|--|----------------|----------------|-------------|-------------|-------------|------------------|
| Eigeninnsats<br>reiselivsselskapa          |                |                |             |             |             |                  |
| Hordaland                                  | 25 000         | 50 000         |             |             |             | 75 000           |
| Eigeninnsats<br>reiselivsselskapa Rogaland | 25 000         | 50 000         |             |             |             | 75 000           |
| Eigeninnsats<br>reiselivsselskapa SF fylke | 25 000         | 50 000         |             |             |             | 75 000           |
| Hordaland<br>fylkeskommune HNH             | 300 000        |                |             |             |             | 300 000          |
| Rogaland fylkeskommune                     | 300 000        |                |             |             |             | 300 000          |
| Sogn og Fjordane<br>fylkeskommun           | 300 000        |                |             |             |             | 300 000          |
| <b>Sum finansiering</b>                    | <b>975 000</b> | <b>150 000</b> |             |             |             | <b>1 125 000</b> |

**3.3 Vurderingar og konsekvensar**

Tiltaket er ønska av både reiselivsnæringa og politisk nivå i dei tre fylka. Midlane det vert sikt om no er for å få på plass prosjektleiar og få i gang prosjektet. Prosjektet vil bidra til auka verdiskaping for kollektiv transporttilbod og for reiselivsnæringa, betre flyt av turistar vekk frå tettstadane og ut i distrikt, og eit meir miljøvenleg transportalternativ enn om alle skulle reist med bil. Prosjektet støttar opp om målet om at Vestlandregionen skal vere eit miljøvenleg reisemål og auke fokuset på berekraftig utvikling av reiselivet.

**3.4 Konklusjon**

Fylkesdirektøren meiner det er på høg tid at vi får på plass ei løysing som Travel like the locals og rår hovudutvalet til å slutte seg til prosjektet og støtte søknaden frå Hordaland fylkeskommune.

**4. Finansiering av forprosjekt: Fjordane Virtuelle Campus (FVC)**

(Sakshandsamar: Lars Hustveit)

**4.1 Bakgrunn**

Søknaden er fremja for å utvikle det sterke miljøet innan elektro, automasjon og ENØK energiøkonomisering i Nordfjord. Initiativet har utgangspunkt i bedrifter på Nordfjordeid. Miljøet konkurrerer nasjonalt og internasjonalt og har store utfordringar med å rekryttere rett kompetanse for å kunne ekspandere vidare. Eit svar er å utvikle Fjordane Virtuelle Campus. Partnarene bak søknaden ser at den digitale revolusjonen endrar måten ein gjennomfører arbeidsprosessar på både i privat og offentleg sektor, t.d. innan undervisning.

I første omgang vert det spurt etter delfinansiering av eit forprosjekt. Søkjar er Segel AS på vegne av partnarskapen bak initiativet. Det vert sikt 50% delfinansiering ut frå ei kalkyle på 1.475.500 kr. Sogn og Fjordane fylkeskommune vert tilboden plass enten som observatør eller medlem i styringsgruppe.

**4.2 Nærare omtale av søknaden**

Ideen bak Fjordane virtuelle campus (FVC) er å utvikle eit campus-område som femner om:

- Ein virtuell del; ein arena for læring og innovasjon mellom regionale innovative aktørar og med høgskule- og FoU aktørar nasjonalt og internasjonalt.

- Ein fysisk del; Nordfjord Sjukehus, Eid vidaregåande skule og Nordøyrane der Normatic i dag held til. I dette området er der ei eksisterande byggmasse som kanskje kan utnyttast enda betre, men samtidig og eit stort areal for å bygge nytt i høve dei behova ein avdekkjer.

Initiativbedriftene er: Normatic, Nordplan, Fjordvarme, Caverion, Eid Elektro, Moderne og Segel. Søkjar nemner at prosjektideen er forankra i bedrifter i heile regionen og at Nordfjordrådet, Høgskulen på Vestlandet, Fagskulen i Sogn og Fjordane og Helse Førde gir positiv tilbakemelding.

Initiativtakarane vurderer at dei representerer eit sterkt næringsmiljø innan elektro og automasjon. Dei har kometanse på høgt nivå som kan brukast på nye forretningsområde. Digitalisering innan helsesektoren er eit døme på eit nytt forretningsområde og er grunnlaget for at Helse Førde engasjerer seg. Energiøkonomisering er døme på eit anna forretningsområde. For å få til nødvendig rekruttering, etterutdanning, innovasjonsprosessar, kontakt med avanserte kompetanseområdet og fasilitetar for test og demonstrasjon, ønskjer søker å gjennomføre eit forprosjekt. Forprosjektet skal avklare føresetnader for eit hovudprosjekt. Målet for eit hovudprosjekt vil vere:

- Etablere ein virtuell node som bedriftene kan bruke som plattform
- Utvikle ein fysisk campus

#### Mål i forprosjektet (det denne søknaden gjeld):

- Finne ut korleis bedriftene i klynga i dag jobbar med innovasjon og kva som pr. i dag er dei største utfordringane. Det same blir gjort for dei andre aktørane det er aktuelt å samarbeide med i regionen, inkl. vidaregåande skular og Helse Førde
- Avdekke kompetansebehovet – i dag og dei komande åra
- Avdekke fysiske plassbehov som ikkje er dekka i dag
- Få konkretisert eksisterande areal i området som kan vere aktuelt å nyttiggjerast i større grad enn i dag (hos ulike aktørar)
- Konkretisere innhaldet i den «virtuelle» delen
- Konkretisere behov for nytt areal; type, funksjon og omfang
- Konkretisere den fysiske campusen, både m.o.t. endra bruk av eksisterande bygg og nytt/nye bygg
- Avklare organiseringa av det innhaldsmessige og driftsmessige på tvers av selskap

#### Forprosjektet er forventa å gje slike resultat:

1. Oppnå ein tydeleg og konkret behovsforståing hos dei ulike målgruppene
2. Definert innhald i den virtuelle delen og tilhøyrande forretningsmodellar
3. Fått etablert kontakt med innovasjonsmiljø andre stadar som ein vil samarbeide med i hovudprosjektfasen
4. Romprogram og info om husleigeprisar
5. Plan for organisering, drift og eigarskap for hovudprosjekt

#### Prosjektorganisering

Ansvaret til dei ulike aktørane vil endre etter i kva fase dei er i. Når ein går inn i hovudprosjekta vil det vere ulike eigarskap i den fysiske og den virtuelle delen. Dette blir konkretisert i sluttrapporten i forprosjektet.

#### Prosjekteigarar i utviklingsfasen:

Bedriftene som står bak initiativet, Helse Førde, Eid vidaregåande skule, Fagskulen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet og Eid kommune.

Prosjektansvarleg (PA) : Hans Inge Solheim (Normatic)

Styringsgruppe: Tore Hjelle (Eid Elektro), Jarle Melheim (Caverion), Arne Steinsvik (Nordplan), Ronny Kjøde (Henden Elektro), Helge Robert Midtbø (Helse Førde), Reidar Grønli (Fagskulen i Sogn og Fjordane) og Alfred Bjørlo (Eid kommune).

Observatør/medlem frå Sogn og Fjordane fylkeskommune

Referansegruppe: Bedriftene som elles har vore kontakta i forstudiet. VTT og andre innovasjons- og høgskulemiljø.

Prosjektleiar (PL): Trond Haavik, Segel AS

Prosjektmedarbeidarar (PM):

Ivar Bjarte Nord, Nordplan

Olav Hjelle  
Fleire personar i dei ulike verksemndene blant prosjekteigarane

Søkjar presenterer slik kalkyle og finansieringsplan:

### Kostnadsplan

Side 1/1

| Budsjettpost                                | 2018             | 2019           | 2020 | 2021 | 2022 | SUM              |
|---|------------------|----------------|------|------|------|------------------|
| Andre nøkkelpersonar blant prosjekteigarane | 144 000          | 36 000         |      |      |      | 180 000          |
| Arkitektbistand Nordplan                    | 180 000          | 40 000         |      |      |      | 220 000          |
| Prosjektkonsulent Olav Hjelle               | 170 000          | 20 000         |      |      |      | 190 000          |
| Prosjektleding - Segel                      | 337 500          | 162 000        |      |      |      | 499 500          |
| Ressurs frå anna nodemiljø samt reise       | 56 000           |                |      |      |      | 56 000           |
| Styringsgruppe og PA                        | 240 000          | 90 000         |      |      |      | 330 000          |
| <b>SUM kostnader</b>                        | <b>1 127 500</b> | <b>348 000</b> |      |      |      | <b>1 475 500</b> |

### Finansieringsplan

Side 1/1

| Finansieringspost                              | 2018             | 2019           | 2020 | 2021 | 2022 | SUM              |
|--|------------------|----------------|------|------|------|------------------|
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018 | 563 750          | 174 000        |      |      |      | 737 750          |
| Eige arbeid                                    | 384 000          | 126 000        |      |      |      | 510 000          |
| Kontante midlar                                | 179 750          | 48 000         |      |      |      | 227 750          |
| <b>SUM finansiering</b>                        | <b>1 127 500</b> | <b>348 000</b> |      |      |      | <b>1 475 500</b> |

### 4.3 Vurdering

I verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane, slik den vart justert av fylkestinget i juni 2018, vert utvikling av innovasjonsnettverk prioritert (avsnitt 3.8.2). Det er elles eit hovudsignal i planen at vi fram til nytt fylke vert etablert, prioritærer å utvikle gode lokale innovative miljø (avsnitt 3.8). Søknaden er også eit svar på ambisjonen «møteplassar» (avsnitt 3.8.3) der forprosjektet vil medverke til å avklare ein modell for virtuelle møteplassar og virtuelt samarbeid.

Initiativtakarane har hatt eit møte med fylkeskommunen i forstudiefasen der Bygg og Eigedom, Opplæringsavdelinga og Nærings- og kulturavdelinga deltok. På dette stadiet var det ikkje grunnlag for å konkludere med omsyn til dei fysiske elementa i FVC. Tilbakemeldinga har også vore å konsentrere seg om det virtuelle først.

I planane er det ambisjonar om både virtuelle og fysiske element. Gitt positivt vedtak om delfinansiering, vil fylkesdirektøren i eit tilsegnssbrev presisere at planar som vedkjem disponering av fylkeskommunale bygg, vert drøfta direkte med Opplæringsavdelinga og/eller Bygg og Eigedom.

I hovudsak vert prosjektideen vurdert som utvikling av innovasjonsnettverk der samspelet mellom bedrifter, forskingsmiljø, brukargrupper og verkemiddelapparatet er det sentrale. Etter kvart kan miljøet vere moge for å søke opptak i Innovasjon Norge sitt klyngeprogram. Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ Nærings- og Kulturavdelinga ønskjer plass som observatør i styringsgruppa med bakgrunn i prosjektet sin nyskapande karakter, at prosjektet er godt forankra i bedrifter, i opplærings- og forskingsinstitusjonar og i Helse Førde og med bakgrunn i nemnde forankring i verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane.

Fylkesdirektøren vurderer prosjektplanen som god og ideane som skal utgreiaast som interessante. Utviklingsarbeidet vil bygge på kompetanse i regionen og på eit godt innarbeida samarbeid med Eid vidaregåande skule.

Kr 510.000 av totalkalkylen på kr 1.475.500 (dvs 34,5%) er eige arbeid. Det er såleis trond for kr 965.500 i kontantar ut frå søker si vurdering. Det er søkt om 50% offentleg finansiering.

Fylkesdirektøren rår til at fylkeskommunen løyver kr 580.000 og at søker om ønskjeleg kan redusere omfanget slik at kontant innbetaling frå interessen til prosjektet utgjer 50% av vårt tilskot (dvs kr 290.000). Fylkesdirektøren grunnir denne reduksjonen med at søkeren gjeld eit forprosjekt og at forprosjektet må kunne gjennomførast forsvarleg også for ein mindre sum enn omsøkt.

Fylkeskommunen tenker å tildele midlane ut frå gruppeuntaket i statstøtteregelverket som bagatellstøtte. Bagatellstøtta vert fordelt på bedriftene bak initiativet. Formalitetane kring dette vert formulert i tilskotsbrevet, på grunnlag av nærmare vurderingar kring statsstøtteregelverket.

Det vert lagt til grunn at Sogn og Fjordane fylkeskommune tek imot tilbodet om å delta i styrearbeidet som observatør.

#### **4.4 Tiltråding**

Fylkesdirektøren rår hovudutval for næring og kultur til å setje av 580.000 kr til konsortiet av samarbeidande bedrifter v/ Segel AS. Fylkesrådmannen får fullmakt til å tildele dei avsette midlane.

### **5. Søknad om støtte til FoU inkubator i Sogn og Fjordane**

(Sakshandsamar: Anne Silje Sylvarnes)

#### **5.1 Bakgrunn for saka**

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane søker om medfinansiering av inkubasjonssatsinga i Sogn og Fjordane. Kunnskapsparken er operatør og ansvarleg for SIVA sitt nasjonale FoU-Inkubatorprogram. Dei søker no om 1 500 000 kr i tilskot frå fylkeskommunen.

#### **5.2 Historikk**

Gjennom ordninga INU-FSF/kompensasjonsmidlar har fylkeskommunen støtta arbeidet inkubatoren til Kunnskapsparken gjennom fleire år:

- 2017: 700 000 kr til drift av inkubator i 2017.
- 2016: 2 500 000 kr til drift av inkubator i 2016 og 2017
- 2015: 3 500 000 kr til drift av inkubator i 2015 og 2016
- 2014: 2 500 000 kr til drift av inkubator i 2014
- 2013: 3 700 000 kr til drift av inkubator

#### **5.3 Nærare omtale**

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane AS (KPSF) er eit regionalt innovasjonsselskap for Sogn og Fjordane, eigd av Fjord Invest Såkorn AS (35,8%), Sogn og Fjordane fylkeskommune (38,2%), SIVA (15,3%), Sogndal kommune (7,6%) og Stryn Næringshage (0,7%). Både Sparebanken Sogn og Fjordane (1,6%) og Helse Førde (0,8%) har gått inn på eigarsida. Dei har kjøpt andelar hjå Fjord Invest.

KPSF tilbyr inkubasjon gjennom den fylkesdekkande FoU-inkubatoren, og er ein del av SIVA si forsterka inkubatorsatsing, og er eit verktøy for nyskaping og vekst i heile fylket. Den distribuerte modellen ivaretok vekstbedrifter i heile fylket som av ulike årsakar ikkje kan flytte inn i inkubatoren sine faste lokalar. I tillegg opnar det nye inkubatorprogrammet for at inkubatoren i større grad kan engasjere seg i eksisterande bedrifter.

Kunnskapsparken har også inngått samarbeidsavtalar med Høgskulen på Vestlandet og Helse Førde, der Kunnskapsparken er kommersialiseringaktør for forskingsbasert- og anna nyskaping.

Kunnskapsparken skal bistå institusjonane (Høgskulen og Helse Førde) med å identifisere, registrere og vidareutvikle idear og forskingsresultat med kommersielt potensiale.

| <b>Budsjettpost</b>                                | <b>2018</b>      | <b>2019</b>      | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>SUM</b>        |
|--|------------------|------------------|-------------|-------------|-------------|-------------------|
| Adm (personalkost, internmøte, rapportering, etc)  | 450 000          | 500 000          |             |             |             | 950 000           |
| Idevurderinger                                     | 350 000          | 350 000          |             |             |             | 700 000           |
| Innovasjonsrådgivning til målbedrifter             | 1 300 000        | 1 600 000        |             |             |             | 2 900 000         |
| Innovasjonsstøttetenester til målbedrifter         | 700 000          | 800 000          |             |             |             | 1 500 000         |
| Kompetanseheving                                   | 100 000          | 100 000          |             |             |             | 200 000           |
| Kontorfasilitetar - inkubator personale, felles fa | 200 000          | 200 000          |             |             |             | 400 000           |
| Marknadsføring, deltaking på messer o.l.           | 200 000          | 200 000          |             |             |             | 400 000           |
| Oppfylging av idéfangstnettverk                    | 250 000          | 250 000          |             |             |             | 500 000           |
| Profesjonelle støttetenester                       | 250 000          | 300 000          |             |             |             | 550 000           |
| Reiser til oppfylging                              | 300 000          | 400 000          |             |             |             | 700 000           |
| Workshop, kurs og samlinger                        | 750 000          | 800 000          |             |             |             | 1 550 000         |
| <b>SUM kostnader</b>                               | <b>4 850 000</b> | <b>5 500 000</b> |             |             |             | <b>10 350 000</b> |

| <b>Finansieringspost</b>                         | <b>2018</b>      | <b>2019</b>      | <b>2020</b> | <b>2021</b> | <b>2022</b> | <b>SUM</b>        |
|--|------------------|------------------|-------------|-------------|-------------|-------------------|
| Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2018   | 1 500 000        | 1 700 000        |             |             |             | 3 200 000         |
| Eigenandel inkubatorbedrifter (målbedrifter)     | 450 000          | 500 000          |             |             |             | 950 000           |
| SIVA Støtte til innovasjonsklynger, art 27       | 500 000          | 600 000          |             |             |             | 1 100 000         |
| Eigenkapital (finansiert gjennom anna aktivitet) | 100 000          | 300 000          |             |             |             | 400 000           |
| SIVA Innovasjonsstøtte til SMB, art 28           | 2 000 000        | 2 400 000        |             |             |             | 4 400 000         |
| Innovasjon Norge Klyngestøtte                    | 300 000          |                  |             |             |             | 300 000           |
| <b>SUM finansiering</b>                          | <b>4 850 000</b> | <b>5 500 000</b> |             |             |             | <b>10 350 000</b> |

#### 5.4 Vurdering

Inkubator-tilbodet til Kunnskapsparken har vore avhengig av støtte frå ordninga INU-FSF. Denne vart avvikla i statsbudsjettet for 2017, og det er såleis ikkje meir midlar att i den ordninga.

Kunnskapsparken har gjort eit godt arbeid med å supplere tilbodet til fylkeskommunen og kommunane med å ta inn nystarta bedrifter i inkubasjon. Som følgje av at ordninga INU-FSF er blitt avvikla, har Kunnskapsparken eit behov for alternativ finansiering av inkubatoren. I samband med den siste sakshandsaminga i INU-FSF i 2016 vart det også nemnt at løyvingane til Kunnskapsparken måtte reduserast noko for å tilpasse seg at INU-FSF fekk reduksjon i midlar/vart avvikla.

Totalt for 2017 vart Kunnskapsparken støtta med 2 200 000 kr. Av desse blei 700 000 kr tildelt i 2017, medan 1 500 000 kr blei løvd i 2016 i støtte frå siste løyvinga i INU-FSF.

Inkubatoren bør ha høve til å tilpasse seg dei nye finansielle realitetane, ved at tilskotet vert gradvis redusert. Dette er ei ønska satsing frå fylkeskommunen si side og ein bør støtte den vidare satsinga på dette inkubator-tilbodet.

#### 5.5 Konklusjon

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for næring og kultur til å tildele Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane 1 500 000 kr i løyving til inkubator-tilbod for 2018.

### 6. AVTALE MELLOM NOREGS FORSKINGSRÅD, INNOVASJON NOREG og SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE FOR 2019-2021 (Sakshandsamar: Adrian Husabø Bjørseth)

#### 6.1 Bakgrunn

Noregs forskingsråd, Innovasjon Norge og Sogn og Fjordane fylkeskommune har hatt ei avtale om saman å finansiere stillinga til Noregs Forskningsråd sin representant i fylket. Dagens avtale gjeld ut 2018. I denne saka vi be om finansiering av fylkeskommunen sin del av ei ny avtale.

## 6.2 Nærare omtale

Fordelingsnøkkelen som vart nytta i førre avtale var at forskingsrådet betaler 50%, Innovasjon Norge 33% og Sogn og Fjordane fylkeskommune 17% av samla kostnad. Det er ikkje forventa større endringar i oppgåvefordelinga mellom samarbeidspartnerane, og vi legg difor til grunn same fordelingsnøkkel som ved sist avtale. Samla kostnad for ei stilling er forventa å vere om lag 1,2 mill. kr. i året. Fylkeskommunen sitt bidrag er dermed forventa å vere om lag 620 000 kr. over avtaleperioden.

Følgjande oppgåver vil m.a. inngå i denne stillinga:

### Oppgåver for Noregs forskingsråd:

- betre Forskningsrådet sin kundesørvis regionalt
- informere om satsingane og verkemidla i forskningsrådet
- mobilisere lokalt næringsliv, det offentlege, forskingsinstitutt og universitet/høgskular til å søkje programma til forskningsrådet og Horisont 2020
- medverke til sterkare samhandling mellom næringslivet, FoU-miljø, offentlege verksemd og virkemiddelaktørar
- delta i strategiske prosesser med formål å synleggjere den rolla forskinga har for regional utvikling
- vere strategisk og forskingsfagleg rådgjevar for Regionalt forskingsfond
- utvikle forskningsrådet sin kunnskap om regionale FoU-utfordringar
- Saman med fylkeskommunen legge til rette dialogmote som verkemiddel i samband med samlingar og møteplassar for bedrifter

### Oppgåver for Sogn og Fjordane fylkeskommune:

#### Søknader – oversikt og kvalitet

- skal gi råd til dei aktuelle aktørane i Sogn og Fjordane, om arbeidsmetodar og rutinar, for å styrke dei i kampen om midlar frå Forskningsrådet og andre relevante ordningar, og for å hjelpe dei til å nå sine mål effektivt ved hjelp av FoU. Prioritert målgruppe er definert i verdiskapingsplanen for Sogn og Fjordane
- skal samarbeide tett og god med Sogn og Fjordane sin representant i sekretariatet i RFF Vestlandet om tilsvarande oppgåver. Mellom anna skal dei halde fram samarbeidet om samlingar i samband med utlysingar frå RFF Vestlandet, og rådgjevinga til søkerar som ikkje har fått støtte, og som vil søkja på nytt.

### Oppgåver for Innovasjon Norge

- Marknadsføre og profilere Skatte Funn ordninga i Sogn og Fjordane
- Rådgjeving for kundeansvarlege i IN innan teknologiprosjekt i bedriftene
- Kjenne til og kunne informere om IN sine finansieringsordningar i møte med bedrifter

## 6.3 Vurdering

Med tanke på dei store endringane som vi har føre oss er det desto viktigare at vi legg til rette for at bedriftene våre nyttar seg av dei ulike virkemidlane innan FoU og innovasjon. Og denne stillinga er saman med andre fagpersonar viktig for å hjelpe vårt næringsliv i ei krevjande omstillingstid.

Fylkesdirektøren vurderer det fortsatt som svært viktig at forskningsrådet har ein regional representant i fylket. Både offentleg og privat sektor må i større grad gjere seg nytte av dei nasjonale forskingsverkemidla. Ein føresetnad for å få dette til er at vi har kapasitet til å drive aktivt informasjons- og mobiliseringsarbeid. I tillegg er tett kontakt med forskningsrådet viktig for å utvikle god bruk av vårt eige regionale forskingsfond og for å vere godt oppdatert om iverksettinga av forskningsrådet sin regionale strategi.

## 6.4 Tilråding

Fylkesdirektøren rår til at fylkeskommunen finansierer 612 000 kr. samla for heile treårsperioden 2019-2021.

## **7. Søknad om driftsstønad for 2018 - Fjordkysten Friluftsråd**

(sakshandsamar: Kristin Arnestad)

### **7.1 Bakgrunn**

Fjordkysten friluftsråd søker om kr. 250 000 i driftsstønad for 2018. Dette ein auke samanlikna med tilskotet for 2017, og ein auke samanlikna med det nivået hovudutvalet har signalisert for støtta til friluftsråd.

### **7.2 Historikk**

Hovudutval for næring og kultur handsama sak om friluftsråd i Sogn og Fjordane i sak 32/17. Hovudutvalet vedtok då å støtte etablering av friluftsråd i Sogn og Fjordane i samsvar med regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2016-2019. Når det gjeld finansiering gjorde hovudutvalet følgjande vedtak:

- Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar etablering av interkommunale friluftsråd med 25 000 kr. per kommune som vert medlem.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein intensjon om å støtte kvart friluftsråd med 100 000 kr. i årleg driftsstønad. Dette må stadfestast i budsjett- økonomiplan.

For 2017 fekk Fjordkysten Friluftsråd kr. 175 000. Av dette utgjorde kr. 100 000 driftsstønad for 2017, og 75 000 kr. var etableringsstøtte for tre kommunar.

I hovudutval for næring og kultur sitt budsjett for 2018 er det sett av kr. 600 000. Det står at tilskot til etablering kan dekkast av HNK sin post 4005 med midlar disponible for utvalet. Tilskot til drift må finansierast frå friluftslivsområdet. Tidlegare i år er det gjort vedtak der heile budsjettet på kr. 600 000 er nytt til avtale med friluftsorganisasjonane. Det er såleis ikkje tilgjengelege midlar innan området.

### **7.3 Nærare omtale**

Fjordkysten friluftsråd skriv at dei har veksande aktivitet og har påtatt seg mange nye oppgåver. Bremanger er ny medlem i rådet, og Vågsøy vil bli tatt opp som medlem innan utgangen av oktober. Friluftsrådet seier dette krev meir reiseaktivitet og oppfølging som fører til større driftsutgifter. Dei er avhengige av tilgang til båt for å drifte rådet. Dette gjeld også oppgåver som å rydde avfall i øyane, kartlegge forureina område, kartlegging av område som er aktuelle for tiltak og statleg sikring, strandrydding, transport av utstyr til friluftsskular m.m.

På grunn av oppdragsmengde og større geografisk område aukar kostnadane, og dei søker om driftsstøtte på kr. 250 000 for 2018.

### **7.4 Vurdering**

Vi ser at kostnadane til rådet har auka frå 2017 då Fjordkysten friluftsråd vart etablert. Samstundes meiner vi at hovudutvalet sitt vedtak frå mai 2017 er klart når det gjeld fylkeskommunen si økonomiske støtte til friluftsråd. Det er lagt opp til kr. 100 000 i årleg driftsstønad og kr. 25 000 i eingongsstønad for kvar kommune som vert medlem.

Rammene innan området, og sektoren er såpass trонge at vi ikkje ser det som naturleg å endre på hovudutvalet sitt tidlegare vedtak.

Per no er det ikkje etablert fleire friluftsråd i fylket og vi kjenner ikkje til at det er lagt opp til snarlege etableringer av fleire råd. Men det kan kome fleire etableringer, og då utfordrar det rammene framover.

I budsjettframlegget for 2019 er det lagt opp til å auke budsjettet innan friluftsliv med kr. 100 000 som skal dekke driftsstønad for Fjordkysten Friluftsråd for 2019. Eventuelt fleire etableringer eller nye kommunar må dekkast av disponible midlar for utvalet.

### **7.5 Konklusjon**

Fjordkysten Friluftsråd får eit tilskot på kr. 150 000 for 2018. I denne summen ligg eit driftstilskot på kr. 100 000, samt eit eingongstilskot for to nye medlemskommunar. Tilskotet er avhengig av at Vågsøy vert tatt opp som medlem som skissert i søknad.

Finansieringsmodellen for friluftsråd frå HNK-sak 32/17 ligg fast.